

## MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 26. februar 2021

Stad: Hol kommune, Bardøla

### Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Pål Rørby , Hemsedal kommune (digitalt)  
Petter Rukke, Hol kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nesbyen kommune  
Merete H. Gandrud, Flå kommune

### Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Karsten Dideriksen, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune (digitalt)  
Reidun K Halland Hemsedal kommune (digitalt)  
Henrik Skovly, Nesbyen kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

### Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Iselin Haugo, pol.  
Magnus Weggesrud, pol.  
Johan Edvard Grimstad, pol  
Kjersti Bærug Hulbak, adm.  
Lasse Narjord Thue, adm  
Bjørn Siem Knudsen, adm

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar  
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

---

**SAK 12/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29. JANUAR, OG 12. FEBRUAR 2021****Vedtak:**

Protokollen frå ordinært Regionrådsmøte 29. januar 2021, og ekstra Regionrådsmøte 12. februar 2021 er godkjent.

**SAK 13/21 ORIENTERING OM BARNEVERNREFORM/OPPVEKSTREFORM 2022**

Helene Sagabråten orienterte om endringane i barnevernet som kjem i 2022.

**Vedtak**

Rådmannsutvalet får i oppdrag å koma fram til ein strategi for å møte oppvekstreforma. Strategien skal svare på korleis helsesektoren og oppvekstsektoren i kommunane skal samarbeide for tidleg innsats og korleis samarbeidet med barnevernstenesta bør vera.

**SAK 14/21 INNSPEL TIL «NY BEREKRAFTIG STRATEGI FOR FJELL OG INNLAND»****Vedtak:**

Regionrådet sender inn innspel til «Ny berekraftig strategi for fjell og innland» utan endringar.

**SAK 15/21 UTVIKLING AV REISELIVSFAGSKOLEN PÅ GEILO. REGIONRÅDET SI ROLLE**

Kyrre Romuld frå reiselivsfagskulen orienterte om status, om drifta så langt og om vidare Utvikling.

**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal støttar utviklingsarbeidet til Norsk Reiselivsfagskole og ønskjer som regional utviklingsaktør å ta ei aktiv rolle som partner i prosjektet.
2. Regionrådet vil arbeide for at det i så stor grad som mogeleg blir lagt opp til ein desentralisert studiestadstruktur, ref. NOU 2020:12 «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn».

**SAK 16/21 RESTANSELISTE 2015 OG 2016**

Det var ingen restansar frå 2015

**Vedtak:**

Regionrådet ber om at det som står att som ugjort på restanselista frå 2016 til 2020, blir effektivt av dei som har tatt på seg ansvar, og at desse restansane blir gjennomgått på regionrådssamlinga i mars.

**SAK 17/21 NYTT FRÅ VIKEN**

Johan Edvard Grimstad, Fylkesråd for næring og tannhelse, orienterte om næringsområdet i Viken generelt, og om strategiar, planprosessar, støtteordningar og relevante saker og vedtak. Presentasjonen ligg som vedlegg

**SAK 18/21 ORIENTERING FRÅ RÅDSOMRÅDET NÆRING I VIKEN (ADMINISTRASJON)**

Janne Buhaug orienterte om:

- Treet som ressurs
- Kompetansepilot.
- The bioeconomy region

Presentasjonen ligg som vedlegg

**SAK 19/21 PARTNARSKAPSAVTALE MED VIKEN, SPESIELL DEL. LØYPEMELDING.**

Arbeidet med partnerskapsavtale er godt i gang. Administrasjonen i regionrådet har hatt to møter med alle rådsområda i Viken, og er no i gang med bilaterale møter med kvart rådsområde.

**SAK 20/21 INFORMASJON OM VARDAR**

Odd Egil Stavn informerte om ny styrerepresentant i Vardar Knut Oskar Fleten og om fusjonsprosessen i Vardar. Regionrådet inviterer Fleten til Regionrådsmøte i mars.

**Vedtak:**

Knut Oskar Fleten blir invitert til Regionrådsmøte i mars.

**SAK 21/21 BYGDEMILJØPAKKE, REGIONAL SØKNAD.**

Søknad vil bli utarbeidd etter høyringa på ordninga den 2. mars, og sendt før fristen 19. mars.

**SAK 22/21 EVENTUELT****Norsk Friluftslivskole i Hemsedal**

Pål Rørby informerte om Norsk Friluftslivskole som er ei fagskule for friluftsliv i Hemsedal. Det er søkt om oppstart for 64 studentar frå hausten, om Hemsedal kommune har vore tydelege på at denne skulen må søke samarbeid med reiselivsfagskulen på Geilo.

**Vedtak:**

Gerd Mette Drabløs i Viken og Eivind Nicander blir invitert til Regionrådet i mars for å informere om Norsk Friluftslivskule.

**Mobilt ferdighetsteam**

Iselin Haugo informerte om prosjektet «mobilt ferdighetsteam» som blir styrt av Hallinghelse.

**«Nærskule» for vidaregåande elevar frå Flå.**

Elevar frå Flå har i utgangspunktet «nærskule» på Ringerike, men kan søke om å få flytta nærskulepoenga sine til Gol VGS.

**IMA**

Ordførarane har hatt ein prat om korleis saka går vidare og er einige om at:

1. Det interkommunale samarbeidet er viktig og at dette skal ivaretaast.
2. Rådmannsutvalet blir bedne om å finne løysingar som gjer at IMA blir nytta mest mogleg, og finne ut korleis ein fordeler økonomien og ev. underskot.

Hallingdal 26. februar 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 17/21, presentasjon sam 18/21